

Styre 2014: Siv H. Flesjå(leiar), Reidar Roda (nestleiar), styremedlem: Cathrine Vierli Selvåg, Eva Bringeland, Geir Landsnes. Vara: Tove Rosland(1) og Karl Andre Vignes (2).

NYHETSBREV

*For medlemsbedrifter i
Finnøy Næringsforening*

April 2014.



Frå bedriftsbesøk hjå Miljøbygg AS på Fogn

Nytt styre- 2014.

5. mars vart årsmøtet i Finnøy Næringsforening gjennomført. Tema for årsmøte var status for kommuneplanarbeidet i Finnøy. Svein Helgesen frå Finnøy kommune informerte om arbeidet så langt. Det er svært gledeleg at arbeidet i samband med ein strategisk næringsplan for Finnøy, eit dokument styret i næringsforeninga har jobba fram, vert teken omsyn til i den kommande planen. Ein stor takk også til Lars Jøran Flesjå frå Finnøy Betong som snakka om bedriftas erfaringar ved å vere lokalisert på eit gardsbruk.

Deltakarane fekk smake på det nye lakseproduktet frå Ryfylkelaks AS i ein herleg taco laga av Inger på Utsyn.

Bedriftsbesøk

Ordførar, varaordførar, leiar av næringsforeninga mfl. har i løpet av dei siste to månadene vore på fleire bedriftsbesøk i kommunen. Følgjande bedrifter er besøkt: Finnøy Betong AS, Robot Solutions AS, Windoornet AS, Miljøbygg AS, Helgøy fiskesenter og bøndene Birger Hetland og Torgeir Årtun i Sjernarøyane.

Erfaringane frå begge partar har vore gode i desse møta, som vil fortsetje hausten 2014.

Vil du ha besøk, ta kontakt. Styret plukkar ut nye bedrifter i styremøte før sommaren.



Nytt produkt frå Finnøy i butikk på Coop Finnøy

Styret: Siv Flesjå (leiar), Reidar Roda (nestleiar), Geir Landsnes, Cathrine Vierli Selvåg,, Eva Bringeland, Tove Rosland (1. vara) Sekretær: Heidi Skifjell i Ryfylke Næringshage. Kommunen sin repr.: Erling Eggebø (SP)/ Berit Hopland (H)

Ny nettstad for Finnøy Næringsforening.

No er endeleg ny nettstad oppe og går. Styret vil legge ut referat frå styremøta og anna viktig medlemsinformasjon på nettstaden etter kvart.

Nettsida har same nettadresse som før, <http://www.finnoy.info/>

I tillegg til oppretting av ny nettstad, er næringsforeninga no også på facebook. Gå inn og bli følgjar !!

Er det sakar din bedrift ønskjer vi skal dele på våre nettstader, ta kontakt.

Tomatfestivalen

Tomatfestivalen 2014 er under full planlegging. Einskilte av dykk er allereie kontakta for blant anna å vere sponsorar til festivalen, eller utstillar. Fredag 22. august vil det bli arrangert fagdag med tema «Kloke hender tar grep». Invitasjon med program vil gå ut om kort tid. Det er fleire spanande



førelesarar denne dagen som vi var inne på i nyhetsbrevet i februar, blant anna

forfattaren Mattias Tesfaye frå Danmark. Han har skrive ein viktig bok om praktiske arbeidsplassar og handverk «Kloke hender». Adm.direktør i Felleskjøpet Rogaland Ola Brekken kjem også, samt stortings-og fylkespolitikarar mfl. Fagdagen er viktig for heile verdikjeda i land-og havbrukskommunen Finnøy, inkludert alle entreprenørane våre. Sett av dagen allereie no, frå kl. 10.00-16.15.

Bilde. Murarsvenn Mattias Tesfaye

«10. punkts»

Styret har saman med Finnøy kommune jobba ut ein «10-punkts» liste over kva vi ser på som viktig i eit samarbeid med kommunen kva angår næringslivet. Styret er svert glad for ein har fått på plass ein konkret samarbeidsliste med kommunen. «10-punkts» vil bli teken opp til evaluering i møta mellom kommunen og styret. Det er viktig at våre medlemsbedrifter kjenner til lista og gjer oss tilbakemelding om sine erfaringar knytt opp mot desse punkta.

Studere lista, då vi har laga den til beste for bedriftene våre. Du finn den på nettstaden til Finnøy Næringsforening.

Kompetansefond

Vi minner om at Finnøy Næringsforening har øymerka midlar til kurs, -og kompetanse som medlemsbedrifter kan søkje på. Ta kontakt med Heidi Skifjell på telefon 975 02 974 for nærmare informasjon, eller søk direkte til: fnhage@finnoy.com.

Innhald i søknad:

Det er retningslinjer knytt til søknad om midlane. Desse vert lagt ut på heimesida til næringsforeninga om kort tid.

Sjekk elles kurskalenderen til Næringsforeningen i Stavangerregionen på:
<http://www.rosenkilden.no/WebFolder7.aspx>

- Helsing Styret

Styret: Siv Flesjø (leiar), Reidar Roda (nestleiar), Geir Landsnes, Cathrine Vierli Selvåg,, Eva Bringeland, Tove Rosland (1. vara) Sekretær: Heidi Skifjell i Ryfylke Næringshage. Kommunen sin repr.: Erling Eggebø (SP)/ Berit Hopland (H)